Forskrift om skule- og feriedagar 2028-2029, Ål kommune, Buskerud fylkeskommune

Heimel: Fastsett av Sektorutval for kultur og oppvekst 15.12.2026 med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 14-1 andre ledd.

§ 1. Formål og verkeområde

Forskrifta gir informasjon om kva for skule- og feriedagar elevane har skuleåret 2028-2029. Elevane har rett og plikt til å møte på skulen på dei fastsette dagane.

Forskrifta gjeld for alle elevar ved alle grunnskular i Ål kommune skuleåret 2028-2029.

§ 2. Tabell for skuleruta 2028-2029

Tabellen viser skuledagar, feriar og fridagar for skuleåret 2028–2029.

Månad	**Tal skuledagar for elevane**	**Feriar, fridagar og merknader**
August	9	Fyrste skuledag: måndag 21.08.
September	21	
Oktober	17	Haustferie: veke 40, frå og med måndag 02.10. til og med fredag 06.10.
November	21	Felles planleggingsdag for lærarane: onsdag 08.11.
Desember	15	Juleferie frå og med fredag 22.12.
Januar	21	Juleferie til og med tysdag 02.01.
Februar	17	Vinterferie i veke 9 frå og med 26.02.
Mars	15	Vinterferie i veke 9 til og med 02.03. Påskeferie frå og med måndag 26.03.
April	19	Påskeferie til og med måndag 02.04. Fri: måndag 30.04.
Mai	19	Fri: tysdag 01.05., torsdag 10.05., torsdag 17.05. og måndag 21.05.
Juni	16	Siste skuledag: fredag 22.06.
Sum	**190**	

Offentlege fridagar

- Tysdag 01.05. – Arbeidardagen
- Torsdag 10.05. – Kristi himmelfartsdag
- Torsdag 17.05. – Grunnlovsdagen
- Måndag 21.05. – 2. pinsedag

Det er fastsett i opplæringslova § 14-1 første ledd at opplæringa skal strekkje seg over minst 38 skuleveker innanfor ei ramme på 45 samanhengande veker. Det treng ikkje å vere 38 veker samanhengande opplæring, og det treng ikkje å vere opplæring alle dagane i veka. Det må vere skuledagar på dagar der det skal gjennomførast nasjonale prøver og eksamen.

§ 3. Lokale variasjonar

Skulane kan gjere unntak frå § 2 om skule-, ferie- og fridagar i særlege tilfelle, til dømes grunna skuleturar.

§ 4. Unntak frå skuleruta

Rektor ved skulen kan gjere enkeltvedtak om unntak frå skuleruta for einskilde elevar. Søknad om permisjon for einskilde elevar blir behandla etter forskrift om permisjon.

§ 5. Ikraftsetjing

Denne forskrifta trer i kraft 1. august 2028 og opphøyrer 31. juli 2029.